



Bustøtte - klage på meldepliktige inntekter og formue

Her kan du klage dersom det er brukt feil opplysningar om netto formue, formuesverdi bustad, kapitalinntekter, næringsinntekter og utanlandsinntekter.

- Du treng berre å fylle inn felte som er aktuelle for deg. Vi bruker opplysningar frå siste skatteoppgjer for inntekter du ikkje oppgir.
- Du treng ikkje å dokumentere opplysningane. Opplysningane blir etterkontrollerte når skatteoppgjeret for året er klart. Vi kan også be om dokumentasjon seinare dersom vi ønsker å kontrollere søknaden din.
- Treng du hjelp til å anslå inntekt eller formue, bør du kontakte Skatteetaten. Du finn kontakinformasjon på skatteetaten.no.
- Fristen for å klage er 3 veker etter at du fekk vedtaket ditt.

1 Ditt namn og fødselsnummer

Fødselsnummer (11 siffer)	Etternamn	Fornamn
---------------------------	-----------	---------

2 Kva måned gjeld klagen for?

Før opp måned og år

3 Forventa netto formue i 2022

Fødselsnummer (11 siffer)	Netto formue

Her skal du anslå forventa netto formue per 31. desember 2022. Netto formue er brutto formue minus gjeld. Brutto formue kan vere verdien av bankinnskot, formuesverdien av fast eigendom, bil og verdipapir. Gjeld kan vere bustadlån, studielån og annet. Har du høg netto formue fordi du skattar for barns formue, må du i tillegg fylle ut skjemaet [HB 9.S.09 – Opplysningar om barns formue](#).

4 Formuesverdi bustad (gjeld berre for eigd bustad)

Formuesverdi bustad	
---------------------	--

Du kan rekne ut formuesverdien på bustaden din på skatteetaten.no.

5 Forventa kapitalinntekt i 2022

Fødselsnummer (11 siffer)	Kapitalinntekt

Kapitalinntekter er for eksempel renteinntekter, utbytte av aksjar og inntekter frå utleie.

Du treng ikkje å sende inn nye opplysningar dersom kapitalinntekta er under fribeløpet på 5 607 kr per person.

6 Forventa næringsinntekt i 2022

Fødselsnummer (11 siffer)	Næringsinntekt

Næringsinntekter er brutto personinntekter (før skatt) frå sjølvstendig næring.

7 Forventa utenlandsinntekt i 2022

Fødselsnummer (11 siffer)	Utenlandsinntekt

Her skal du anslå forventa brutto lønn, pensjon og andre inntekter i utlandet i 2022.

Du skal oppgi utanlandske inntekter sjølv om du ikkje skattar for dei i Noreg.

Eg stadfestar at opplysningane i skjemaet er riktige

Dato	Søklar si underskrift
------	-----------------------

Send skjemaet til
Husbanden,
Postboks 1404,
8002 Bodø

